



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til søknad om planendring og forlenging av byggefrist for Aldal kraftverk i Samnanger kommune

---

**Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til planendringssøknaden. Vil tilrå at det blir vurdert om naturmiljøkartlegginga er gjennomført i tråd med gjeldande metodikkkrav. Tiltakshavar må søkje Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova.**

---

Vi viser til oversendinga 01.06.23 som gjeld høyring av søknad om planendring og utsett byggefrist for Aldalselva kraftverk.

### Vår vurdering

I konsesjonshøyringa i 2012 vurderte vi prosjektet som konfliktfullt for naturmiljø, landskap og friluftsliv, og vi tilrådde at det skulle setjast vilkår om tekniske løysingar som gir minst mogleg negativ påverknad på naturmiljøet.

Ut frå omtalen i planendringssøknaden ser det ut til at planendringa vil redusere inngrepa i høve til det konsesjonsgitte prosjektet. Dersom dette er rett oppfatta, har vi ikkje avgjerande merknader til planendringa.

Naturmiljøutgreiinga som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket er basert på feltarbeid i 2011. Vi legg til grunn at det blir vurdert om denne held mål etter dagens standard, etter dei seinare års revisjonar av rettleiar/metodikkkrav. Utover dette har vi ikkje merknader til søknaden om utsett byggjefrist.

Tiltakshavar må søkje Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova.

Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.



Med helsing

Joachim Holmøyvik  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune  
Samnanger kommune

Postboks 7900  
Tyssevegen 217

5020 BERGEN  
5650 TYSSE